



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Adressatar etter liste

Dykkar ref

Vår ref
09/1178- TRS

Dato
05.07.2010

Høyring - Evaluering av konkurranseutsettingen av drift og vedlikehald i Statens vegvesen

Statens vegvesen har årleg ei omsetning på over 7 milliardar kroner knytt til drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Drift og vedlikehald av vegnettet er særskild viktig med omsyn til både framkome og tryggleik. Det er difor viktig at dette arbeidet blir gjort på ein så god og effektiv måte som mogleg.

Dovre Group har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet gjort ei evaluering av konkurranseutsettinga av drift og vedlikehald i Statens vegvesen. Evalueringa blei avgrensa til dei oppgåvene som blei sette ut for konkurranse gjennom funksjonskontraktar i samband med at produksjonsverksemda til Statens vegvesen blei skilt ut som eit statleg aksjeselskap frå 1. januar 2003.

Dovre tek mellom anna opp og diskuterer følgjande tema i sin rapport:

- Utvikling i kvalitet, og dokumentasjon av denne, på arbeidet med drift og vedlikehald
- Kostnadsutvikling
- Marknadssituasjonen
- Innhald i, og storleiken, på funksjonskontraktane

Denne evalueringa frå Dovre blei gjennomført dels samstundes med at Riksrevisjonen gjorde ei undersøking om drift og vedlikehaldsoppgåvene til Statens vegvesen.

Riksrevisjonen sin rapport *Dokument 3:16 (2008-2009) Riksrevisjonens undersøking av drift og vedlikehald av vegnettet* blei handsama i Stortinget 9. mars 2010, jf. Innst. 155 S (2009-2010).


Riksrevisjonen og Dovre Group tek i sine rapportar opp mange av dei same temaa. På mange område verkar det vere samanfall mellom Riksrevisjonen og Dovre sine vurderingar. Eksempelvis peikar begge på at konkurransesituasjonen ikkje er tilfredsstillande. Medan det gjennom Stortinget si handsaming av Riksrevisjonen sin rapport var eit stort fokus på å dela opp kontraktane for å sleppa til dei mindre entreprenørane, seier Dovre at dette ikkje er vegen å gå. Det verkar altså å vere semje om at dagens situasjon ikkje er tilfredsstillande, men at det ikkje er like stor semje om på kva vis ting kan bli betre.

Samferdselsdepartementet vil be om innspel og kommentarar til rapporten frå Dovre, med særleg vekt på dei områda som er nemnde i dette brevet. Frist for å gi fråsegn i høyringa er sett til onsdag 1. september 2010. Vi ber høyringsinstansane sjølv vurdere trongen for å leggje fram saka for underliggjande instansar eller andre, i den grad desse ikkje er med på høyringslista.

Grunna talet på høyringsinstansar ber vi om at rapporten blir lasta ned frå heimesidene til Samferdselsdepartementet: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/hoeringer>. Her finst også lista over høyringsinstansane i saka.

Vi vil be om at eventuelle fråsegner også blir sende departementet på e-post: postmottak@sd.dep.no

Med helsing



Bent E. Skogen e.f.


Bente Mari Nilssen

Høringsinstans	Postadresse	Postnr	Sted
Alle fylkeskommunar			
Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund	Postboks 144 Manglerud	0612	OSLO
Byggenæringens Landsforening	Postboks 7187 Majorstuen	0305	OSLO
Entreprenørforeningen - Bygg og Anlegg	Postboks 5485 Majorstuen	0305	OSLO
Foreningen Asfalt og veiservice	Middelthunsgate 27	0368	OSLO
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon	Postboks 4568 Nydalen	0404	OSLO
Kongelig Norsk Automobilklubb	Postboks 2425 Solli	0201	OSLO
KS	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Landsorganisasjonen i Norge	Youngs gate 11	0181	OSLO
Lastebileiernes Forening	Maridalsveien 10	0178	OSLO
Logistikk- og Transportindustriens Landsf.	Postboks 5489 Majorstua	0305	OSLO
Maskinentreprenørenes Forbund	Fr Olsens gate 3	0152	OSLO
Motorførernes Avholdsforbund	Postboks 80 Alnabru	0614	OSLO
NMCU	Postboks 351	1502	MOSS
Norges Automobil Forbund	Postboks 6682 Etterstad	0609	OSLO
Norges Lastebileier-Forbund	Pb 7134 St Olavs Plass	0130	OSLO
Norges Taxiforbund	Postboks 6754 Rodeløkka	0503	OSLO
Norges Turbileierforbund	Tullins gate 6	0166	OSLO
Næringslivets Hovedorganisasjon	Postboks 5250 Majorstuen	0305	OSLO
Opplysningsrådet for Veitrafikken	Postboks 88 Sentrum	0101	OSLO
Rådgivende Ingeniørers Forening	Essendrops gate 3	0368	OSLO
Spekter	Postboks 1511	0117	OSLO
Statens Havarikommisjon for Transport	Postboks 213	2001	LILLESTRØM
Statens vegvesen	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Syklistenes Landsforening	Postboks 8883 Youngst.	0028	OSLO
Transportbedriftenes Landsforening	Postboks 5477 Majorstua	0305	OSLO
Transportbrukernes Fellesorganisasjon	Postboks 5494 Majorstua	0305	OSLO
Trygg Trafikk	Pb 2610 St Hanshaugen	0131	OSLO
UNIO	Stortingsgata 2	0158	OSLO
Yrkestrafikkforbudet	Postboks 9175 Grønland	0134	OSLO
YS	Postboks 9232	0134	OSLO